

Geir Daasvatn heidra for frivillig arbeid i Otra IL i fleire tiår:

Nominert til Årets ildsjel

Agder Idrettskrets deler ut prisen Årets ildsjel, og ein av årets kandidatar kjem frå Evje. Geir Daasvatn kan stikke av med den gjeve prisen for sin mangeårige innsats som trenar, administrator og leiar i fotballgruppa i Otra IL.

Tekst: Sigrid Åsen Haugsgjerd
Foto: Sigurd Haugsgjerd

Juryen fekk inn i alt 16 nominasjonar, og dei har no valt ut fem sterke kandidatar som folk kan stemme på fram mot Idrettsgallaen 2. november i Kristiansand. Geir Daasvatn må kunne seiast å vere ein verdig vinnar av prisen etter mangeårig innsats for Otra IL. Geir er oppmann, trenar, banemeister og leiar av fotballgruppa. Han har vore trenar i fotballgruppa i Otra IL i lange periodar frå 70-talet og fram til i dag, leiar i gruppa og styremedlem i hovudstyret i Otra

IL på 90-talet, og igjen frå 2008 til dags dato.

Fotballtalent


Interessa for å vere aktiv i fotballen må han ha hatt heile livet. Som ung var Geir Daasvatn eit stort fotballtalent. Han er den einaste frå Otra, og den fyrste nordmannen som fekk prøvespele for Manchester United. Potensialet til Geir var heilt spesielt, og han fekk tre kampar for juniorlandslaget mot slutten av 70-talet. Som aktiv fotballspelar spelte han for Otra, Vigor, Hægebostad og

Kvinesdal.

Ei evne til å oppmuntre andre

Grunnen til at Geir Daasvatn no er nominert til Årets ildsjel kjem ikkje berre av alt arbeidet han har lagt ned i idrettslaget opp gjennom åra, men også den personen han er i møte med andre. I nominasjonskrivet som juryen fekk inn står det mellom anna:

— Geir er en av de mest reflekterte og positive mennesker vi vet om. Selv i perioder med alvorlig syk-



Geir Daasvatn er nominert til Årets ildsjel 2019 i Aust-Agder. Prisen blir delt ut i Kristiansand 2. november, og går til den av dei fem nominerte som får flest stemmer.

dom har han alltid hatt en spesiell evne til å oppmuntre andre, finne lyspunkter og fortsette sin positive innstilling til idretten og livet!

Ei drivande kraft

Engasjementet til Geir har vore sterkt i mange år, og han er framleis ei skikkeleg eldsjel å rekne. Geir var leiar av plankomiteen som la fram planen om bygging av kunstgrasbane ved Evje stadion. Han har også vore leiar for plangruppa for nytt klubbhus ved Evje stadion, eit arbeid som snart er i gong.

Allsidig mann

Geir er også ein mann med allsidige interesser. Han er, og har i mange år vore ein ivrig fotograf på mange ulike arenaer. Dette arbeidet har resultert i ei stor mengde bilete og stoff som både har kulturhistorisk og idrettshistorisk verdi. Denne interessa for lokalområdet og alt som skjer der, har også vist seg gjennom arbeidet med nettsida OpplevEvje. Der legg han ned mykje arbeid for å vise fram alt det flotte heimkommunen har å by på.

Om det blir Geir Daasvatn frå Otra IL, som får den gjeve prisen Årets ildsjel vil tida vise, han treng mange stemmer for å nå opp blant dei fem kandidatane i Aust-Agder. At det er mange som har hatt stor glede av iveren og engasjementet til Geir opp igjennom åra er i alle fall heilt sikkert, og dei vil nok gje han alle dei stemmene dei kan.

Lesarbrief - Lesarbrief - Lesarbrief



”Nei til vindkraft i Setesdal” takkar

Takk!

«Nei til vindkraft i Setesdal» vil gjerne få rette en takk til alle som har bidratt i kampen mot etablering av vindkraftindustri i Evje og Hornes og Bygland kommuner.

Takk til kommunestyrene som ikke lar seg kjøpe av løfter om millionbeløp i bytte mot natur. Takk for at dere ser at å bevare naturen og det biologiske mangfoldet, og å sikre befolkningens friluftsliv og livskvalitet, er mer et mer verdifullt enn en usikker økonomisk, kortsiktig gevinst. Takk for at dere også ser de langsiktige konsekvensene av å utradere naturen, og forstår at ingen redder klimaet ved å ødelegge verken Norges eller andre nasjoners natur. Takk for at dere hegger om etablerte arbeidsplasser og legger til rette for nyutvikling og videreutvikling av arbeidsplasser innen turisme, kulturisme, friluftsliv og alle næringer som nyter godt av disse. Takk for at dere ser verdien i å bevare de mange hundre kulturminnene vi har i kommunene. Alle har en historie å bære. Alle har en tilknytning til folket i dalen.

Balansert presentasjon

Takk til redaktoren av Setesdølen som har vist en balansert presentasjon av forkjempers og motstanders synspunkt i saken. Han har vært modig, og han har klart og tydelig vist alvor et i sakens natur, både det demokratiske problemet som utbyggerne presenterer, med hemmelighold, eksklusivering og løfter om klingende mynt i kassa, neglisjering av kommunestyrevedtak som sier nei til vindindustri, og ikke minst konsekvensene av denne type industrietableringer.

Demonstrasjoner og dugnad

Takk til organisasjoner, lag og enkeltpersoner som har hjulpet oss med kunnskapsoppdatering, bistand på møter og deltakelse på folkemøter, demonstrasjonene i Oslo og på Tonstad, og på standen på Naturigvis på Evje. Takk til La naturen Leve, Naturvernforbundet, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Omilologisk forening mfl. Dere har vært fantastiske.

Takk til alle dere som har bidratt med økonomisk støtte til driften av gruppa. Vi jobber dugnad opp mot

selskaper som kan slå i bordet med millioninvesteringer og godt betalte jobber for sine ansatte. Vi har hatt økonomiske utgifter til markeringer og folkeopplysningsarbeide, og setter stor pris på den hjelp dere har ytt for å få dette til å gå i hop.

Høringssvar

Takk til alle dere som bidro med høringssvar til Olje- og energidepartementets (OED) høring om vindkraft på land. Ca. 5000 svar ble meldt inn. Flere av dem fra Setesdalskommunene. Konsekvensen av høringen ble at OED skroter hele høringen da motvinden ble forimidlertid. Hva konsekvensen av dette blir, er det ingen som vet per i dag. Vi ser at NVE og Cicero jobber opp mot EU for å utvikle strategier for å nedskalere konfliktnivåene og redusere motstanden. Vi ser at utbyggere som Fred Olsen Renewables (FOR) og Asko jobber ufortrødent videre i Nedre Setesdal, og at FOR har ubendig tro på at kommunestyrene vil snu i sine vurderinger bare de blir tilbudt nok penger. Vi ser at kommunestyrevedtakene ikke respekteres. Sanderud-utvalget har levert sin utgreiing i forbindelse med skatt på

vannkraft, og vi vet ikke hvor mye dette også vil influere på vindkraften. Det meste er usikkert.

Nok bidrag

«Nei til vindkraft i Setesdal» er en del av den folkebevegelsen som er skapt fra Agder i sør til Finnmark i nord som følge av dagens og tidligere regjeringers lite gjennomtenkte og helhetstenkende energipolitikk. Norge har per i dag et overskudd av energi som selges til land lenger sør i Europa. Setesdal bidrar stort med sine mange vannkraftverk til det som av mange kalles det grønne skiftet. Vi ser ingen grunn til at heiene våre også skal konverteres til industriområder, naturmangfoldet svekkes og befolkningens livskvalitet forringes. Vi bidrar nok. Forbruket av energi burde absolutt bli et mer sentralt tema i energipolitikken. Er det ikke på tide å sette på bremsene?

«Nei til vindkraft i Setesdal» fortsetter kampen mot vindindustripøkelset som fortsatt henger over oss. Vi gir oss ikke!

Nei til vindkraft i Setesdal
Beate Messel Waarøe

Stor gjevarglede i dalen

Etter årets TV-aksjon "Nå er det hennes tur" på søndag, er gjevartala klare. Bykle toppar statistikk i Setesdal og heile fylket, og er også inne på topp 10 i landet med eit snitt på 144,79 kroner per innbyggjar. Dei stod totalt for 138 000 kr til TV-aksjonen. Evje og Hornes gav i alt 142 000 kr. Bygland 76 000 kr, Åseral 66 000 kr, Iveland 65 000 kr og Valle 63 000 kr. Åseral er på 2. plass i Vest-Agder etter Sirdal, ut frå antall kroner per innbyggjar. Her lag snittet på 74 kroner per person. Bygland gav 64 kr per person, Valle 55 kr, Iveland 49 kr, og Evje og Hornes 39 kr.